



Notat

Til: Larissa Dahl

Kopi til:

Saksbehandler: Samferdsel, veg-, vatn- avløp-forvaltning/Linda Hammersvik
Folkestad

Vår referanse: 23/4431 - 15 / GBNR-425/128, FA-L42

Dato: 10.10.2023


Emne: Uttale - Gbnr 425/128 - dispensasjon frå byggegrense mot veg - mur

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning viser til førespurnad om uttale på søknad om dispensasjon frå regulert byggegrense mot kommunal veg for etablering av mur på Gbnr 425/128 Haugland.

Samferdsel, veg-, vatn- og avløp forvaltning har vurdert søknaden og finn det forsvarleg å gje dispensasjon frå byggegrense mot kommunal veg på vilkår.

Vilkår:

- Minste avstand mellom ytterkant mur og midt kommunal veg skal være minimum 4,3 meter, som om søkt.



- Muren skal være plassert slik at den ikkje kjem i konflikt med tekniske krav til avkøyrslse. Dersom mur vert plassert innanfor siktsoner, skal maks høgde den del av muren som vert plassert i siktsona være under 0,5 m over kommunalt vegnivå. Dette for å sikre at mur ikkje utløyser krav til sikring.
- Mur skal være forsvarleg fundamentert slik at det ikkje er fare for utrasing av mur ved arbeid på kommunalteknisk anlegg (VVA).

- Alver kommune frå seier seg alt ansvar for skader som oppstår på murer som vert plassert innanfor byggegrense mot veg. Dersom det under drift og vedlikehald av kommunalteknisk anlegg oppstår skade på muren, er dette kommunen uvedkommande. Eigar av mur skal sjølv sørge for og påkoste utbetring av eventuelle skader.
- Vi gjer merksam på at plassering av kommunale leidningar i kart er orienterande. Vi har ikkje innmålingsdata på dette.

Linda Folkestad